

Dato 28.04.14	Elevkode f611	Njønne:	Det første språket du lærte: norsk	2. versjon
------------------	------------------	---------	--	------------

Sosiale media, - farar eller fordelar

Store norske leksikon har denne forklaringa på kva sosiale media er; ein nettbasert teneste som legg til rette for mange-til-mange-kommunikasjon og kor innhaldet i stor grad vert skapt av brukarane sjølv.

Sosiale media kan forandre mykje i verda, på sosiale media kan vi leggje ut bilete av folk utan att dei veit det, og at den personen ikkje likar å bli sendt bilete av. Det folk ofte gløyme er at dette er ulovlig om ikkje personen har sagt at det er greit.

For mykje bruk av sosiale media kan vere med på å gjere oss avhengi. Vi kan ikkje akseptere at små barn skal sitte inne å sjå i dataen, eller nettbrettet, når kroppen er skapt for aktivitet. Skal vi vekse og utvikle oss på den beste måten, må vi ta sjansen og gå ut i sola å finne på noko i fellesskap.

I by og bygd er det mange måtar å vere ilag på, det er kjekt å fysisk treffast, sjå kvarandre, høyre stemmer og le saman. Det er ikkje alle desse følelsane du kan føle av å sjå inn i ein data, derfor burde barn og voksene gå ut og møte andre menneske i verda. Kva skal vi med ein leikeplass utan ungar i? Kva skal vi med alle pengane, som ordføraren brukar på aktivitetar, turar, ballbingar, teater og andre fellesskap om ingen nyttar seg av dei? Vi har behov for at voksene og ungar utnyttar dei tinga, tenk på dei som lagar arrangement, turar, turneringar og mange andre tilstellingar og so kjem det ingen. For dei er det bortkasta tid, og dei som berre set på sosiale media vert passive og øydelegg for andre som prøver å få til ting.

Sosiale media har og positive sider. Vi kan få viktige informasjon og beskjedar ut på rask tid, eksempel kor tid det er møter, trening, konsertar, kampar osv. Det kan og varsle oss om farlege ting som kan hende, eller skal skje, som eit ras eller eit ran. Vi må gjere noko med det for at vi skal ha eit betre liv, å kutte ut ein av delane kan vere farleg, derfor må vi ikkje overdrive sosiale media og andre spel så mykje.

